



### Tilleggsinformasjon 1:

#### Spørsmål:

*Vi har spørsmål til arbeidsoppgåve 3.2 Bistand til utarbeiding og/eller kvalitetssikring av konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarhetsanalyse.*

- *Det er gjennomført ei grovsiling av innspel til planane: Kva type siling er gjort? Kor mange innspel skal det gjerast konsekvensutgreiing for? Kan kommunen skrive litt meir om omfanget?*
- *I tillegg skal det utarbeidast ein ROS-analyse for alle nye utbyggingsområde som ein foreslår å leggje inn i KPA og KDP KAA.: Kva omfang er det snakk om,? Kva endringar er gjort i forhold til opphavleg KPA?*

#### Svar:

##### Grovsiling av innspel

Administrasjonen utarbeida ein tabelloversikt over alle innkomne innspel, med eit kort samandrag, samt ein vurdering av innspelet på overordna nivå. Innspel som viste seg å være uaktuelle pga for eksempel omsynssone landbruk eller andre liknande tilhøve, var tilrådd silt vekk. Dokument med grovsiling av innspel, med tilråding, vart løfta opp som sak i den politiske styringsgruppa for planarbeidene. Dei innspilla som ikkje vart silt vekk i grovsilinga, skal til konsekvensutgreiing og ROS-analyse.

For kommuneplanen sin arealdel er det om lag 90 innspel som skal til KU og ROS-analyse.

For kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen, er det om lag 30 innspel som skal til KU og ROS-analyse.

Vi har starta opp arbeidet med KU og ROS-analyse i eit felles dokument. Tanken bak innkjøpet er å få ein ressurs til å bidra inn i slutføring av arbeidet med KU- og ROS-analyse, samt eventuelt bidrag til utforming av planskildringa. Ressursen vil altså ikkje vere ansvarleg for slutføring, men vere med inn som ein ekstra ressurs i arbeidet.

##### Omfang ROS-analyse

Omfang for kva endringar som vert føreslått i plankartet er p.t. ikkje kjent.